



Alf Hjørnevåg møter Arne O. Øystese på sjømannskyrkja i Arguenguin på Gran Canaria. Bilete syner overleveringa av boka Livsglad mat frå HAVET, skriven av Sjur Tjelmeland.

Alf Hjørnevåg (82) har vore tre veker på Gran Canaria, der han ofte var innoom Sjømannskyrkja i Arguenguin. Her møtte han Arne O. Øystese, tidlegare prest og prost i Sauda og Indre Ryfylke, no vinterprest i sjømannskyrkja. Far til Øystese, residerande kapellan Olav Øystese, konfirmerte Alf i Husnes kyrkje i si tid.

Alf Hjørnevåg var sjølv sjømann i perioden 1954 til 1961. Han tok telegrafistutdanning i Marinen; Den gongen var det slik at alle med radioutdanning i Sjøforsvaret fekk hyrekontrakt i Handelsflåten. Handelsflåten var nemleg ein del av totalforsvaret. Alf reiste i Westfal-Larsen og Leif Høegh og vart kjend med sjømannskyrkja i mange hamner.

Arne O. Øystese vaks opp i Ølve og i Etne. Etter utdanning som prest tenestegjorde han i sjømannskyrkja, både i Rotterdam og i San Pedro fram til 1988. Her møtte han mange gilde sjømenn frå Kvinnherad, mellom anna Terje Haugland, son til 'Mollo', og Johan Brigtsen. Som pensjonært prest har Arne O. Øystese avtale med sjømannskyrkja om å vera såkalla vinterprest med teneste kvart år i fire månader, frå januar og ut april. Uskedalsposten møtte Øystese i fjor og skreiv ein artikkel i det bladet som kom ut i juni månad 2017.

Alf Hjørnevåg var godt motteken på sjømannskyrkja i Arguenguin. Han var med på Fest på kyrkja der vinterpresten stod for song, underhaldning og andakt. Alf hadde med boka om Brødrene Hjørnevåg, skriven av Sjur Tjelmeland. Tjelmeland og Øystese gjekk saman på gymnaset i Øystese Dei har seinare hatt god kontakt. Det var difor ekstra interessant å få overlevert denne boka i gåve.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal